# 4A, KAUPANGER SKULE 2022/2023

## PERIODE: 6 VEKE: 23

**MÅL: Ha ein aktiv og kjekk slutt på småskuletida.**
**Leike med ulike elevar gjennom veka.**



| | MÅNDAG | TYSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG |
|---|---|---|---|---|---|
| 09.00-10.00 m/fruktstund | NORSK m/Sommarles | NORSK m/Sommarles | FRISBEEGOLF PÅ KVERNHUSHAUGEN | NORSK m/Sommarles | MATEMATIKK |
| 10.00-10.15 | FRIMINUTT | FRIMINUTT | | FRIMINUTT | FRIMINUTT |
| 10.15- 11.45 m/matstund | SAMFUNNSFAG | MATEMATIKK<br>11.10 KRLE | | SAMFUNNSFAG<br>CA 11.00 MATSTUND | MUSIKK Skolenes sangdag |
| 11.45-12.15 | STOREFRI | STOREFRI | STOREFRI | SYMJING | STOREFRI |
| 12.15-13.15 | ENGELSK m/engelsk lesing | MUSIKK | MUSIKK Fellesøving for 1. - 4. klasse | | KRLE |
| 13.15-13.30 | HEIM/SFO 13.15 | FRIMINUTT | HEIM/SFO 13.15 | FRIMINUTT | HEIM/SFO 13.00 |
| 13.30-14.30 | | BIBLIOTEK KH | | GJERE FERDIG/ DIGITALT ARBEID | |
| 14.30 | | HEIM/SFO 14.30 | | HEIM/SFO 14.30 | |

**Kjære 4A!**
***Tverrfagleg vekelekse:** Me tek ny runde der eleven sjølv vèl kva emne han vil presentere for klassen. Det er fritt val av tema (land, ny matrett, familien min, kjæledyr el). Ein opprettar eit nytt Word-dokument og lagrar i 4A-mappa på OneDrive, som sist. Merk dokumentet «Tverrfagleg lekse veke 23».
***Sommarles:** Torsdag 1. juni byrja biblioteka den årlege kampanjen «Sommarles». Me vil freiste å nytte dette som leselekse dei siste vekene, som oppmoding til å halde i gang jamn leseaktivitet gjennom dei to månadane med sommarferie. Hugs å notere både det dei les på skulen og heime når de registrerer bøkene, samt å skrive og signere på lesekortet som vanleg. Sjå meir info på nettsida/arket de fekk heim. Fint om de sjekkar at pålogginga fungerer for dykkar barn.
***Sommarfesten:** Minner om sommaravslutninga for 4A heime hjå Elise tysdag 6. juni kl 17-ca 18.30.
***Frisbee onsdag:** Møt på skulen kl 09, og ha med skuleutstyr som vanleg. Dei som har eigen frisbee kan ta med denne, viss det er i orden for dykk føresette. De skal altså ikkje kjøpe frisbee, skulen har utstyr til alle. Ta gjerne med litt ekstra mat og frukt, sitjeplate og ei drikkeflaske denne dagen.
**Ha ei fin veke, alle saman! Beste helsing oss vaksne i 4A.**

| | |
|---|---|
| Lekse onsdag: | Jobb minst 15 min på Campus Inkrement 4A. |
| Tverrfagleg vekelekse: | Skriv tekst og set inn to bilete som høver. Øv på å presentere emnet ditt. |
| Vekelekse engelsk: | Engelsk lesehefte: Les minst 15 minutt i heftet ditt. |
| Leselekse (Sommarles): | Les minst 15 minutt måndag + tysdag + onsdag + torsdag. |